



Mellombels forskrift smitteverntiltak for Bykle kommune

Heimel: Vedteken av Bykle kommune v/kommunestyret den 18.02. 2021 med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykdommer § 4-1 første ledd bokstav a.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å hindre eller redusere spreiring av SARS-CoV-2 i ein periode der vi ventar at det vil bli mange fleire menneske som oppheld seg i kommunen.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld for Bykle kommune.

§ 3 Plikt til bruk av munnbind

Når det ikkje er mogeleg å halde minst ein meter avstand, ut over kortvarige passeringar til andre enn dei i eigen husstand, skal det nyttast munnbind. Dette gjeld i butikkar, på serveringsstader, i tru- og livssynsbaserte lokale, i andre fellesområde innandørs, som Hovdetun og Fjellgardstun, i lokale for kultur-, sport-, og fritidsaktivitetar. Plikta til bruk av munnbind gjeld ikkje dei som utøver fysisk aktivitet.

For kollektivreisande, i buss, taxi/taxibuss, skibuss og skulebuss gjeld det same.

Plikta til å bruke munnbind i fyrste ledd gjeld tilsvarende for tilsette på stader der det ikkje er mogeleg å halde minst ein meter avstand frå gjestane, jf. fyrste ledd. Dette gjeld ikkje for stader der det er sett i verk andre smitteverntiltak for dei tilsette, som bruk av visir, skiljeveggar o.l.

Plikta til å bruke munnbind gjeld ikkje for barn under 12 år, eller for dei som av medisinske grunnar eller andre årsaker ikkje kan bruke munnbind. Dette er i tråd med Folkehelseinstituttet sine tilrådingar om bruk av munnbind.

Munnbind skal takast på når ein går inn på stader nemnd i fyrste og andre ledd.

Plikt til bruk av munnbind gjeld innandørs.

Det blir tilrådd på det sterkaste at munnbind også nyttast utandørs der det kan bli opphoping av menneske, i køar utanfor serveringsstader, taxikø o.l. der regelen om ein meter ikkje kan haldast.

§ 4 Ansvar

Bykle kommune tek ikkje økonomisk ansvar som følgje av desse tiltaka.

§ 5 Unntak

Unntak for denne forskrifta gjeld:

- tilsette i barnehage, barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule i arbeidstid- og undervisningstid.
- elevar i grunnskulen over 12 år i skuletida.
- elevar i vidaregåandeskule i skuletida.

§ 6 Vert sett i verk frå

Dette gjeld frå 22.03.21 og varer til 25.03.21.